



**Saksframlegg**

**Vurdering av midlertidig stenging av Fyresdal flyplass**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Kommunestyret		23.04.2026

**Endeleg vedtaksrett i saka har: Kommunestyret**

**Dokument i saka:**

**Bakgrunn for saka:**

Fyresdal kommune står framfor fleire år med omfattande anleggsarbeid og høg aktivitet i kommunen. I denne perioden vil det vere stor anleggstrafikk, mange menneske i området og generelt auka aktivitet i og rundt flyplassen i Fyresdal.

Kommunedirektøren meiner det i denne situasjonen vil vere formålstenleg å halde flyplassen midlertidig stengd i denne anleggsperioden. Hovudgrunnen er at den samla aktiviteten i området vil gjere det vanskeleg å sjå flytrafikk og liknande som foreinleg med dei behova og omsyna som den store utbygginga vil krevje i åra framover.

Det er i saka lagt opp til at flyplassen held fram med ordinær bruk ut sommaren 2026, og at han deretter blir stengd frå 1. oktober 2026. Det er vidare lagt til grunn at flyplassen skal opnast att for landing og anna ordinær bruk frå 1. mai 2030.

Ei midlertidig stenging vil og kunne gi høve til å vurdere annan bruk av delar av området i anleggsperioden. Eit aktuelt alternativ som er drøfta, er etablering av betongverk i tilknytning til utbygginga. Den sørlege delen av rullebana, som i dag ikkje er i aktiv bruk, kan vere aktuell for eit slikt føremål. Sjølv om det kan vere mogleg å etablere slike funksjonar også medan flyplassen er i bruk, meiner kommunedirektøren at den samla belastninga i området tilseier at mellombels stenging er den mest tenlege løysinga.

I tillegg vil det i anleggsperioden vere mykje støy og aktivitet knytt til næringsverksemd og utbygging. Det kan difor vere ein fordel å avgrense andre forhold som også bidreg til støy og aktivitet i same periode.

Det må likevel gjerast unntak for særskilde arrangement. I 2026 skal det arrangerast dragrace, og dette arrangementet blir ikkje omfatta av den midlertidige stenginga. Dragrace blir arrangert annakvart år, og det er allereie no signalisert at arrangementet

også i 2028 skal kunne gjennomførast den aktuelle helga, sjølv om flyplassen elles er midlertidig stengd i anleggsperioden. Slike avgrensa unntak må handterast særskilt og på ein måte som ikkje er til hinder for tryggleik eller gjennomføring av anleggsarbeidet elles.

### **Vurdering:**

*Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035; Beredskap.*

Kommunedirektøren vurderer at omsynet til sikkerheit, framkome og god gjennomføring av anleggsarbeidet må vege tungt i denne saka. Dei neste tre til fire åra vil vere prega av ekstraordinært stor aktivitet i Fyresdal, og dette vil skape ei vesentleg anna driftssituasjon enn normalt.

Sjølv om flytrafikken ved flyplassen er avgrensa, er det stor skilnad på om flyplassen er tilgjengeleg for bruk eller om han er formelt stengd. Så lenge flyplassen er open, må kommunen ta omsyn til at det kan skje landingar og annan flyaktivitet. Dette legg føringar på tryggleik, organisering og arealbruk i eit område som samstundes vil vere sterkt prega av anleggsverksemd.

Kommunedirektøren vurderer at det ikkje vil vere tenleg å oppretthalde denne tilgjengelegeita i ein periode der kommunen og området rundt flyplassen vil vere utsett for svært stor trafikk og aktivitet. Ei mellombels stenging vil gi betre føreseielege rammer for både anleggsarbeidet og disponeringa av areala.

Det er også eit moment at stenging av flyplassen kan gi kommunen større fleksibilitet i bruken av området i anleggsperioden. Dette kan vere viktig for å leggje til rette for løysingar som støttar opp om utbygginga, mellom anna ved mogleg etablering av betongverk eller annan mellombels verksemd knytt til gjennomføringa av prosjekta.

Samtidig vurderer kommunedirektøren at det bør vere rom for avgrensa unntak for særskilde arrangement som har etablert tradisjon og stor lokal verdi, når dette kan gjennomførast på ein forsvarleg måte. Dragrace er eit slikt arrangement. Kommunedirektøren legg til grunn at arrangementet i 2026 ikkje blir råka av stenginga, og at det også i 2028 skal kunne leggjast til rette for gjennomføring den aktuelle helga, sjølv om flyplassen elles er stengd. Dette føreset nærare planlegging og koordinering, men er etter kommunedirektørens vurdering mogleg innanfor ramma av ei mellombels stenging. Eventuelle andre arrangement som blir råka av stenginga, må vurderast særskilt av kommunedirektøren.

Kommunedirektøren har gått gjennom gjeldande konsesjonsvilkår for flyplassen og kan ikkje sjå at ei mellombels stenging i den aktuelle perioden vil vere i strid med desse. Luftfartstilsynet har fått tilsendt den politiske saka, saman med førespurnad om ei avklaring på om den føreslåtte stenginga kan få innverknad på gjeldande konsesjon eller reise andre problemstillingar knytte til saka. Dersom slik avklaring ligg føre før saka blir handsama, vil ho bli send vidare til kommunestyret sine medlemmer.

Etter ei samla vurdering meiner kommunedirektøren at ei midlertidig stenging av flyplassen frå 1. oktober 2026 til 1. mai 2030 er eit forholdsmessig og formålstenleg tiltak, med høve til avgrensa unntak for dragrace-arrangement.

## Konklusjon:

Kommunedirektøren meiner at den omfattande anleggsaktiviteten i Fyresdal dei komande åra gjer det nødvendig og formålstenleg å stenge flyplassen midlertidig. Den store mengda trafikk, menneske og støy i området vil gjere det lite tenleg å halde flyplassen tilgjengeleg i same periode.

Ei mellombels stenging vil gi betre rammer for sikkerheit, logistikk og arealdisponering, og kan samtidig opne for annan bruk av delar av området i anleggsperioden. Dette er ikkje avklara med grunneigarar. Samstundes bør det leggjast til rette for at dragrace kan gjennomførast som planlagt i 2026 og 2028, sjølv om flyplassen elles er stengd i perioden.

Kommunedirektøren rår difor til at flyplassen blir stengd frå 1. oktober 2026 og opna att frå 1. mai 2030, med særskilt unntak for gjennomføring av dragrace i 2026 og 2028.

## Innstilling frå kommunedirektøren:

Kommunedirektøren rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Flyplassen i Fyresdal blir stengd for flytrafikk og andre arrangement frå og med 1. oktober 2026.
2. Flyplassen blir opna att for landing og anna ordinær bruk frå og med 1. mai 2030.
3. I stengingsperioden kan delar av området vurderast nytta til annan mellombels aktivitet i tilknytning til utbyggings- og anleggsarbeidet, dersom dette skjer innanfor gjeldande regelverk og nødvendige løyve.
4. Den midlertidige stenginga er ikkje til hinder for gjennomføring av dragrace i 2028, føresett at arrangementa blir planlagde og gjennomførte på ein forsvarleg måte i samordning med kommunen og dei pågåande anleggsaktivitetane.
5. Kommunedirektøren gis fullmakt å innvilge dispensasjon frå den midlertidige stenginga dersom tilhøva tilet det.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Halvor Homme
	kommunalsjef plan og teknikk